

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091, Majorstuen,
0301 Oslo.

Vaksdal, 27.11.2020

nve@nve.no

Dykkar ref.: 202001130-14

Vedr. Høyring av søknad om riving av dam Trollkjelen, Vaksdal kommune, Vestland.

Viser til utsendt høyringsinnbyding frå NVE 8/10-20 til bl.a. Felleskjøpet Agri SA vedr. Småkraft sin konsesjonssøknad for nedlegging og fjerning av dam Trollkjelen, rev. 1. sept. 2020. Viser og til våre beskrivingar, synspunkt, krav og bildemateriell i saka slik dei framkommer i vår høyringsuttale datert 27/5-20 i samband med melding om riving av dammen. Hovudkonklusjonen i utalen vår er framleis gjeldande.

I konsesjonssøknaden pr. 1. september er det tilkomme notat vedr. vurdering av flaum og sedimentering ved nedlegging og fjerning av dammen (Sweco, 7/9-20). I notatet framkommer det mellom anna at fjerning av dammen vil «føre til noe større transport av sedimenter/løsmasser nedover vassdraget», dette grunna auke i vannhastigheten (sjå pkt. 4. *Transport av sediment*). Under same hovudpunkt framkommer at «ved større flommer vil stein < 10 cm kunne transporteres over gjenstående terskel etter dam Trollkjelen, og vil kunne avsettes under Vaksdal Mølle. Det forutsettes imidlertid at basseng oppstrøms Trollkjelen er fylt ved sediment». Denne sistnemnde forutsetninga vil være til stades. Det framkommer under konsesjonssøknadens pkt. 2.6. *Gjennomføring*. Det vert der beskrive at «Sedimenter som gjennom årene har dannet seg på bunnen av magasinet må arronderes ...». Det betyr at sedimenter som har blitt transportert til område over eit svært langt tidsspenn vil ligge igjen i område. Dei vil riktig nok bli gitt ein litt annan terrengform «... for at elva kan renne naturlig gjennom kløfta ...». Like fullt vil dei, ved ein fjerning av Trollkjelsdammen, blottleggast for overflate- og kanterrosjon og transporterast nedstrøms, særskilt ved flaumsituasjonar. Situasjonen representerer eit lokalt «opplagra» magasin av lausmasser samanlikna med kva tilfelle ville ha vore i ein opphavelig, naturlig situasjon, som er den tilstanden søknaden synes å legge til grunn (sjå under pkt 3.1 *Hydrologi* i konsesjonssøknaden). Vi ser dette som eit vesentleg moment med omsyn til vurdering av sikkerheit.

I notatet til Sweco er det gjort berekningar av innløpsarealet (kulverten) under lagerbygning ved Vaksdal Mølle. Nemningane flomkanal og flomkulvert vert her nytta av Sweco (sjå notat pkt. 2.3. *Flomkanal under Vaksdal Mølle*). I teikningsmaterialet (fig. 6) bereknast denne til å ha eit samla innløpsareal på 89,5 m². Men, dette er fordelt om lag 50:50 over og under kote 0. Det vil seie at det alltid ligg fjordvatten i ein mindre eller større del av kulverten og området innafor. Vi kan ikkje sjå at dette forholdet er tatt omsyn til i utgreiingane i rapporten frå Sweco, noko vi meiner burde vore gjort. Ei heller er verknadene av ulike tidevatn situasjonar, normale og ekstreme, vurdert. Rettnok er dei same naturlege forholda til stades i dagens situasjon. Men,

kombinasjonen av desse forholda og ein forventa og beskrive auke i transport av materiale til nedstrøms Trollkjelen (sjå over) gjer at vi finn at fjerning av dammen, slik som beskrive i søknaden, representerer ein klar auke i fare for oppstuing av lausmasser i tilknytning til kulverten. Dette igjen medfører ein skjerpa risiko for uønska hendingar med tanke på tap av materielle verdier og, i ytste konsekvens, liv og helse.

Avslutningsvis i Sweco sitt notat vert det mellom anna konkludert med det at «det vil være behov for å følge med utviklingen av løsmasseavsetninger i kulverten» (sjå under 5. *Konklusjon*). Dette bekreftar forholdet nemnt i avsnittet over. Vi ser samtidig dette som eit vesentleg moment med omsyn til ansvarsforhold etter ein evt. endring av Trollkjelsdammen. I den samanheng vil vi igjen peike på det forholdet vi beskreib i vårt høyringssvar den 27. mai d.å: Det at Trollkjelsdammen ikkje har vært i bruk til kraftproduksjon er eit forhold som har vart over svært lang tid, lenge før Småkraft/Grønnkraft sin overtaking. Tidlegare eigars bevaring av dammen, og kostnadene med det, må forståast ut frå totalbildet ved Vaksdalsanlegget, kor endring av hydrologiske forhold vil endre risikobildet negativt. Dette forholdet må takast omsyn til i sakshandsaminga.

Både med bakgrunn i, og til tross for, tidlegare nemnte utgreiing frå Sweco finner vi å måtte stå på vårt opphavsleg standpunkt. Dette grunna ut i frå ei forventa negativ effekt på tryggleikssituasjonen. Vårt krav er at Trollkjelsdammen vert oppretthaldd , dvs. at det ikkje gis konsesjon for nedlegging/fjerning av denne. Det må i denne samanheng og nemnast at den har i rundt 140 år vore eit vesentleg anleggselement i den samla strukturen på Vaksdal.

Dersom konsesjon skulle verta vurdert gjeve, krev vi at det vert gjort under forutsetning av at alle lausmasser som er oppdemma i tilknytning til og som en konsekvens av dammen vert fjerna. Dette på ein slik måte at dei ikkje på noko vis, under arbeidet eller i ettertid, kan representere eit tilfang av materiale for transport med elvevatnet nedstrøms Trollkjelen. Vidare krev vi at området må erosjonssikrast. Grunngevnad for dette framkjem av utgreiingane over. Vi krev vidare å bli både informert og samrådd med i saka.

Andre forhold som vi fremjer som krav gitt ved ei evt. konsesjonsløyve, er at skader eller kostnader som vi vert påført, som ein konsekvens av ein evt. fjerning av dammen, må dekkes fullt ut av tiltakshavar. Likeså må tiltakshavar verta pålagt ansvar for å avgrensa risiko for skade, både under ein eventuell fjerning av dammen og som en konsekvens av dette i ettertid (jfr. m.a. forhold omtalt over i samband med kulvert). Det vises her bl.a. til Vassressurslova §§ 25 og 26, samt nemnde historiske forhold.

Vennleg helsing

Geir Anthony Hanevik (sign.)
Fabrikksjef avd. Vaksdal
Felleskjøpet Agri SA

Telefon. +47 908 54 457
Geir.Anthony.Hanevik@felleskjopet.no

Frank Rørlien (sign.)
Plassjef Vaksdal
Norgesmøllene AS

Telefon. +47 481 81 653
Frank.Rorlien@norgesmollene.no